



Lokal forskrift 1. august 2024 nr. 1 om permisjon frå den pliktige opplæringa ved grunnskulen i Ulvik herad

Heimel: Fastsett av heradsstyret i Ulvik herad den 19. juni 2024 med heimel i lov 9. juni 2023 nr. 30 om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (Opplæringslova §2-2)

§ 1. Verkeområde

Forskrifta gjeld pliktig grunnskuleopplæring etter opplæringslova § 2-2.

Forskrifta gjeld for elevar i Ulvik herad.

§ 2. Forsvarlegheit

Elevar kan berre få permisjon dersom opplæringa samla sett er forsvarleg.

§ 3. Faste prøvar

Det skal ikkje gjevast permisjon ved førebuing til, og gjennomføring av:

- a) statlege kartleggingsprøvar
- b) nasjonale prøvar
- c) eksamen munnleg og skriftleg
- d) prøvar og vurderingssituasjonar som er sett opp i terminplan/prøveplan

§ 4. Øvre grense for permisjon per skuleår

Elevar kan ikkje få permisjon i meir enn 10 skuledager per skuleår.

Kontaktlærer kan gje fri 1-3 dagar, rektor kan gje fri 10 skuledagar.



§ 5. Permisjon i 1-3 dager per skuleår

Søknad om permisjon i 1-3 dager i løpet av eit skuleår skal innvilgast, dersom vilkåra i §§ 2- 4 er oppfylt.

§ 6. Permisjon i 4-10 dager per skuleår

Søknad om permisjon i 4-10 dager skal innvilgast, dersom vilkåra i §§ 2-4 er oppfylt og tungtvegande grunnar taler for det.

Tungtvegande grunnar som til dømes: spesielle arrangement eller markeringar knytt til politisk arbeid, organisasjonsarbeid, familie, eller deltaking ved idrettsleg eller kulturell konkurranse/stemne på høgt nivå.

§7 Permisjon ved religiøs heilagdag

Ein elev som høyrer til eit anna trussamfunn enn Den norske kyrkja, får innvilga permisjon frå skulen dei dagane trussamfunnet har heilagdag. Foreldra/føresette må sørgja at eleven får den opplæringa hen treng for å kunna følgja opplæringa vidare.

§ 8. Forskrifta trer i kraft 1. august 2024.